

## Brødrene Musland bygger storhall i Børnes.

01.07.2020



Brødrene Musland Maskin AS bygger stor hall på Børnes.

Frå brørne Tore og Roar Musland etablerte entreprenørverksemda Brødrene Musland Maskin for 15 år sidan, har firma utvikla seg til eit solid og høgt repektert entreprenørselskap i dag. Jamt og trutt har maskinpark blitt fornya og utvida, og siste store investeringa i selskapet er ein stor lager- og garasjehall som no vert bygt på arealet deira i Børnes industriområde.



Firmaet ser fram til meir lagerplass og garasje plass til ein del av maskinparken.

Brørne etablerte selskapet i 2005, og i 2006 vart Tore Musland den første tilsette. Året etter vart Roar tilsett som nummer to. Etter det har firmaet hatt ein fornuftig vekst slik at dei i dag er til saman har 6 tilsette inklusive ein lærling. I tillegg har dei for tida ein innleigd i arbeid. Firmaet gjekk i 2011 over til AS etter at det først vart etablert som enkeltpersonføretak.

På tomte deira i Børnes industriområde har dei til no hatt ein rubbhall som lager samt nokre kontorbrakker. Veksten i firmaet har ført til meir behov både for lager og garasje til ein del av meskinparken. Derfor er ein stor hall på 640 kvadratmeter no under bygging. Råbygget er bygt i betongelement og er no oppe.

-Vi håpar at bygget skal vera tett før ferien, seier dagleg leiar i firmaet, Roar Musland og legg til at det er rogalandsfirmaet Grude Bygg som står for bygginga. Han ser fram til få meir lagerplass i tillegg til garasjar for lastebilar og andre maskinar.

Elles er det gledeleg å høyra at firmaet har godt med ordrar framover. Dei har godt med arbeid både her heime og i nabokommunar.

-Vi har vore heldige og har hatt godt med arbeid både i kommunen og for kommunen, seier Roar Musland om dette. Her i bygda har dei i hatt mykje arbeid i Ospelunden, og i tillegg held dei akkurat no på med klargjering og avretting for asfaltering ved kunstgrasbanen. På Valen er dei i gong med eit større prosjekt på eit avløpsanlegg, og i tillegg er det litt jobbar rundt omkring.

- No er snøen vekke så då er det klart for arbeid på hyttefelt på Seljestad og Valldalen. Der har vi hatt mykje arbeid, seier den daglege leiaren, og vi forstår at særleg på sistnemnde stad er det ein større jobb i vente.

Brødrene Musland Maskin AS føyer seg fint inn i rekkja av gode uskedalsfirma som nyt tillit og respekt frå kundane sine. No ser dei fram til å kunna ta den nye hallen i Børnes industriområde i bruk.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.